



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 1

JANUAR 1976

25. årgang

TAK IKKJE GUD IFRÅ MEG

Tak ikkje Gud ifrå meg.
Ikkje med lyst eller ve.
Mørk er jorda
når sola sloknar
og rømdene utan fred.
Tak ikkje Gud ifrå meg.

Tak ikkje trua frå meg. —
Stilt vert mitt siste rom.
Ingen låsar
vert sett i døra
og ingen nyklar vridd om.
Tak ikkje trua frå meg.

Søk Herren så skal de leve!

Oppmodinga er bibelsk og gamal. Men vi blir meir og meir klår over at her er livet sin grunn. Nyttårsønsket vårt for alle lesarane av bladet er derfor ei opplevt og brukt kristen tru. Rett ut sagt: Ver snar å få ordna opp i ditt gudsliv!

Nyttårsdag las vi i kyrkjene: «Det er ikkje frelse i noen annan, for det finst ikkje noe anna namn under himmelen, gitt mellom menneske, som vi kan bli frelste ved.» Det er reine ord for pengane fiskaren Peter her gir i talen sin for det høge råd.

Og vi ønsker ikkje å svekke orda. Jesus er frelsar for kvart menneske. «I han var liv, og livet var lyset for menneska.» Søk Herren så skal de leve!

Ved sida av gir vi att bilde av den gamle altertavla frå Grøtte kyrkje. Sentraltmotiv er Jesus og disippelflokken ved nattverdbordet. Og omkring er det fullt av tilbeding og lovprisning.

Er du ein disippel av Jesus? Har du sete ved Herrens bord? Brukar du livet ditt til å tilbe og tene Herren?

Eit nytt nådeår er gitt. La oss bruke det rett. Godt nytt år i Jesu namn!


Tak ikkje Himlen frå meg.
Steng kje den smale veg.
Sløkkjest livet
som blodvarmt bankar
går jorda under for meg.
Tak ikkje Himlen frå meg.

Tak ikkje lengten frå meg.
Himlen av lys er full.
Stig eg inn
gjennom Perleporten
går eg på gater av gull.
Tak ikkje lengten frå meg.

Ingebjørg Kasin Sandsdalen

SLEKTERS GANG

Døpte



Orkland.

26. 12: Veronica Engmo
Monika Lyngved

Orkanger.

23. 11. Morten Pedersen
3. 12: Solveig Meland
Linda Blåsmo
7. 12: Trine Klungervik
25. 12: Remi Andreas Rødseth
28. 12: Ken Roger Ross
Bjørn Erik Kjøren

Orkdal.

23. 11: Jøran Dyrvik Meås
14. 12: Lars Jørgen Gangås
Steinar Sommervold
Knut Arne Bakke

28. 12: Ola Lund (døpt i Meldal k.)
1. 1: Odd Helge Sveli

Geitastrand

25. 12: Janicke Bjørgan

Vigde



Orkland.

20. 12: Steinar Audun Dolmen og
Randi Garberg
27. 12: Jostein Skjetne og Ildri Sæ-
terbakk

Orkdal.

31. 12: Tore Bjørndal og Randi Kari
Bergheim

Orkanger.

27. 12: Arne Mastad og Marit Elise
Singstad
28. 12: Petter Adolf Akervoll og Jo-
runn Asbjørnslet

PRESTEKONTORET

Den Gode Hyrdes kapell.
Tirsdag kl. 17 - 19
Torsdag kl. 18 - 19
Fredag kl. 08 - 10
Merk forandringene.

KA'n ved
Orkdal Gymnas 1976

Ja, så er det sanneleg ikkje lenge før KA - aksjonen står for døra att. Det er ei god stund sidan styret i KA'n byrja å planleggje den årlege aksjonen. Sjølv om medlemmene skiftar kvart år, så er det den same bodskapen vi vil bringe ut.

Dersom det er nokon som ikkje veit kva KA står for, så er det altså Kristne Artianarar eller Kristenrussen som det heitte før.

I år er vi såpass mange at vi fann det rettast å dele oss i to grupper, og vi blir 12-14 på kvar gruppe. I tre bygder blir heile flokken å finne, det gjeld Oppdal, Orkdal og Lensvik. Det er Oppdal som først får besøk av oss, og der er vi 25. mai om alt går etter plana. På Svorkmo er vi 28. mai (avissalget går føre seg 29.) og i Orkdal 31. mai.

Døde



Orkland

3. 12: Einar Løseth f. 1902
11. 12: Tora Liøkelsøi f. 1890
14. 12: Johanna E. Grø f. 1879
18. 12: Johanne Kristine Grøtjord
f. 1894

Orkdal

7. 12: Sofie Garberg f. 1894
17. 12: Ole Larsen f. 1910
18. 12: Karen Bløkkum f. 1898
27. 12: Johan Lie f. 1894
30. 12: Sivert Vassli f. 1892

Orkanger.

7. 12: Haakon Lønnum f. 1895
16. 12: Borghild E. Bakken f. 1910
Sigrid Kristiansen f. 1890
22. 12: Arne Skjetne f. 1909
23. 12: Kristian A. Eilertsen f. 1894

Geitastrand

15. 11: Sigrid I. Wiggen f. 1902
30. 11: Edmund J. Pettersen f. 1892

Aksjonen har to hovudformål, vi vil forkynne bodskapen om Jesus, og så vil vi arbeide for misjonen. Vi skal i år arbeide for Det Norske Misj.sel., og pengane som vi får inn skal gå til stipend til elevar ved den lutherske lærarskolen på Madagaskar. KA'n i heile Trøndelag er saman om dette prosjektet, og målet er å få inn 90000 kr. Dette klarer vi ikkje utan at folk rundt i bygdene ser ansvaret sitt og er viljuge til å kjøpe avisa vår og til å gje ved møta som vi skal halde på dei einiskilde stadene.

Om dagane skal vi gå rundt og selje KA-avisa, og så tenkjer vi å vitje alders- og sjukeheimar og skular. Og om kveldane skal vi altså ha møte.

Vi vonar at de vil leggje alt til rette for oss til vi kjem. Og sist, men slett ikkje minst, du som ber til Gud; be for oss! Vi treng forbøn, vi treng Guds hjelp i arbeidet, og vi treng Guds signing over det som vert gjort. Utan Han kan vi ingenting gjere. Vi er syskjen på veg mot same målet, skulle vi ikkje hugse kvarandre?

Kom la oss kjærlig vandre
Og legge hånd i hånd
Og holde av hverandre
i dette trengsels land!
Som barn vi være må,
På veien ikke stride,
Guds engler ved vår side,
Som søsken med vil gå.

BØN

Sjå ikkje på meg Gud
med eg tel pengane
til di tempelkiste.

Snu deg bort frå meg
når eg skal gje
til den trengjande,
for eg har så uvillige hender.

Legg ikkje rikdomens
tunge bør på meg
om eg ikkje får
eit nytt hjarte.

Gjev meg ikkje mykje gods
om eg ikkje får
ei hand som er god.

Spar meg for mykje jord,
at ho kan gje slepp
på meg ein gong
når støv blir ropt av støv.

Ingebjørg Kasin Sandsdalen

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld
Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Anny Bonde.

Reidar Hलगunset.

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonsér:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gáver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Barneår

Vi har planar om å fornye vår forkynning av moral. Eller rettare sagt: Vi har planar om å forelde den. Gå tilbake til det gamle og gjennomprøvde. Kva skal prestane forkynne? blei landsfader Einar Gerhardsen spurt. «Dei ti bod», svara han. Vi har planar om å ta landsfaderen på ordet, og vi vonar hans politiske etterplapparar vil gjere det same. For det må også politisk vilje til, som det heiter, og ikkje berre preike.

All right, vi skal ikkje svartmåle all verda. Men likevel vågar vi å påstå at samfunnet er i ferd med å forsøke seg ihel i moral. La barn og ungdom igjen få vite kva dei skal halde seg til. Mange nok er køyrt i grøfta gjennom dei siste åra. Det bør bli fleire enn prestane som lærer frå seg dei 10 bod. Om ikkje dette skjer trur vi det etterkvart blir radikale åtak på foreldregenerasjonen og dei styrande i vår tid. For all sviikt kjem med tid og stunder for dagen.

Sann kjærleik kjem med anna for dagen med at ein har vilje til å lære frå seg sanne og gode livsreglar. Vi må fri oss frå redselen ved å seie: Det skal du, og det skal du ikkje! Det er noen da som snakkar om ein løfta peikefinger som skræmer dei unge bort. Og det er vel så dersom ein sjøl ikkje maktar vere eit eksempel. Men dersom ein sjøl er villig til å rette opp sitt liv og samstundes maktar skape ei kjærleg atmosfære omkring rett-leinga, da vil ikkje gode bod og rettingslinar for livet skræme men bli tatt imot med takk og glede.

Slik blir vegen å gå ikkje først å forkynne moral, men å ordne opp i sitt eige liv. Så kjem forkynninga av rettingslinene for den oppveksande slekt. Og det bør ikkje bli forsømt!

Felleskap i
grendesamfunnet

Endeleg har ein nå også funne ut at bybusetnad og bustadkonsentrasjon har store skadeverknningar på miljø og menneskesinn. Ein har oppdaga at generasjonsfelleskapet i det gamle grendemiljøet var psykisk legande. Det ligg snublande nær og hovere og seie: Velkomen etter! Vi vonar dette blir tatt omsyn til i busetningsplanlegginga.

Det er godt å møtast på butikken, ved ein prat over spadren på grøfte-kanten eller ved fjøsveggen. Vi som bur på jårar og i grender bør takke for møtet med kvarandre som vi har fått sjanse til. No har til og med dei lærde oppdaga det: Vi treng kvarandre og våre små treffpunkt for vår psykiske helses skull.

Generasjonstreff er eit moderne ord for ei gamal sak. Det er og var da folk i alle aldrar i grenda møttest til bygdafest på bedehuset, grendehuset, skolehuset eller kyrkjebakken. Det har lenge vore einerådande møte å splitte opp tilboda i barnemøter, ungdomsmøter, vaksenmøter, eldre-møter og endå meir. Og det er til sine tider ikkje dumt. Men generasjonstreffet, der alle aldrar er med er likevel det beste. La oss planlegge slike åpne opplegg i miljøa våre. Felleskap og helse vil ha godt av det. Det er noe som er på gli. Personleg har det gledd oss at det blir fleire og fleire som tek med barna til kyrkjes.



Mer om materiell fra I.K.O.

«Småbarnlederen» er kommet.

Gledelig melding til alle som driver søndagsskole eller hverdagsarbeid blant barn i førskolealder: Marit Rypdals håndbok, Småbarnlederen, er kommet.

Boka inneholder lærerrike og nyttige kapitler, bakgrunnsstoff, gode ideer, sanger, leker, bilder osv., og koster kr. 24,— (160 sider). Studieplan er utarbeidet, og boka er godkjent av Norsk Kristelig Studieråd for studiegrupper. Dvs. at hvis 5 deltakere møtes 5 ganger vil en kunne få 50% refusjon av utgiftene til materiell. Nytt denne anledningen til rekruttering av nye ledere!

(Om studieopplegg: kontakt Norsk Kristelig Studieråd, Akersgt. 47, Oslo 1. Tlf. 33 63 20).

Høytidene i barnehagen

Heftet er laget av Marit Svahn Bjellås, og inneholder rike metodiske opplegg til samlingsstundene i barnehagen i forbindelse med jul, påske og pinse. Med det allside utvalg av fortellinger, sanger og forslag til utfyllende litteratur tror vi heftet vil bli til kjærkommen hjelp for førskolelærere både i kommunale og private barnehager. (Kr. 14,—).

Ekteskapet — gave og oppgave

Så er den kommet, Siggen Myhres bok om ekteskapet. Selv om tittelen ikke er den mest spennende, er innholdet både engasjerende og klargjørende. Boka tar utgangspunkt i kirkes vigselsrituale. De forskjellige ledd gis en bibelsk utdypning og aktualiseres inn i ekteskapets hverdag. Vakkert illustrert. En fin gave til brudepar.

Videre nevner vi at

No les vi Bibelen

nynorskutgaven av Tor Hakes 11-årsbok, er kommet. Vi beklager forsinkelsen. Samtidig meldes det fra Bibelselskapet at Godt Nytt (pocketutgaven av NT i ny oversettelse) også vil komme på nynorsk. Det gleder vi oss over.

(Framh. s. 4)

Eit lite LEKSIKON

A ALTAR. I kyrkja er altaret eit midtpunkt, og herifrå leiar pres-ten gudstenesta. Opphavleg er alt-ar ein offerstad, og denne tyd-inga har ein halde på i symbolsk meining. Vi rekner òg altaret som «Herrens bord» der kyrkjelyden kjem saman til nattverd.

B BIBELN. Ordet kjem frå det greske «biblia» = bøker. Bibelen er den heilage skrift for den krist- ne kyrkja. Bibelen er sett saman av 66 bøker — 39 i Det gamle tes- tamentet, 27 i Det nye.

BISKOP. Tittelen kan vi finna alt i Bibelen, det greske ordet «ep- iskopos» tyder tilsynsmann. Dei ti bispane i Den norske kyrkja har tilsyn med forkynning og lære i kvart sitt bispedøme.

D DIAKONI. Alt i den fyrste kristne kyrkjelyden vart det skipa diakoni. Det vart oppnemd diakon- ar (eit gresk ord som tyder «ten- arar») som fekk ansvar for hjel-pearbeidet i kyrkjelyden. I dag er diakoni dei ymse formar for om- sut som kyrkja syner for men- neske som treng hjelp.

E EVANGELIUM. «God bodskap» kan vi omsette det greske ordet «evangelion» med, og som kristne nyttar vi ordet i tydinga bodskap- en og Guds frelse i Jesus Kris- tus. Evangeliet vart i dei fyrste tiåra ført vidare ved munnleg overlevering, seinare i skriftleg form, slik vi finn det i evangeliet etter Matteus, Markus, Lukas og Johannes i nytestamentet.

F FADERVÅR. Faste bønner har alltid vore til stor hjelp for krist- ne, og mellom dei står Fadervår i ei særstode. Vi kallar ho «Her-rens bøn» av di Jesus sjølv lærte læresveinane å be denne bønna. Det kan vi lesa om i Matt. 6, 9.

M MISJON. Misjonsbefalinga i Mt. 28, 20 er ei direkte oppmoding frå Jesus om å forkynna den kristne bodskapen for heile verda, i framande land òg. Ordet misjon kjem frå det latinske «missio», som tyder «sending». I vårt land har fleire misjonsselskap ansvaret for misjonsarbeidet i andre land.

Orkanger Pensjonistforening

Vi har hatt oss ein lang prat med Ingvald Togstad, formann i Orkanger Pensjonistforening. «Det er artig å halde på med noe», seier han. Han har frå gamalt vore med i organisa- sjonsarbeid, og det ville visst bli tungt å slutte heilt. Han er elles medlem av aldersheimstyret og avisreportar for Arbeideravisa. Dessutan driv han heime hos seg sjøl og lagar ting av utvekster på tre han finn i skogen. Det er altså ingen sofapensjonist vi har framfor oss.

Dette fører også til at han er sterkt interessert i sysselsetting for eldre. «Mange eldre har alt for lite å ordne med, det er helst på spinnesida det er muleg å finne noe», og dette seier han utan redsel for å såre likestillingslova. «Men noen menn driv med småarbeid i kjellaren — trearbeid mest», legg han til.

«Det er også utan tvil eit stort be- hov for eldre å kome saman til ufor- melle samvær», legg Ingvald Togstad til. Han meiner programmet ikkje er så viktig. Det er ca. 60-70 fram- møtte på dei månadlege torsdags- møta Pensjonistforeninga har. Men medlemstalet er omlag 160.

Togstad minner elles om at ein ar- beider gjennom landssamanslutninga av pensjonistforeningane også på statsplan for å få grunnpensjonen opp, skaffe telefon til eldre og uføre, oppheve 50 km. grensa for rabatt på reiser for eldre og uføre m.m.

Vi var ein dag seinare på julefest saman med orkangerpensjonistane. Gjekk rundt juletreet og glede oss. Der var godt å vere. —

Enda noen var i mismot på grunn av vatnet som hadde fylt møtelokale i Askeladden under uveret. Men slikt vinn Orkanger Pensjonistforening fort over.

(Framh. frå s. 3)

Brosjyre om 11-12 årsfasen

er utarbeidet av IKO. Brosjyren vend- er seg til 11-12 åringer, er illustrert i farger, har enkel tekst og åpen plass f.eks. til stensilering. Dette for at menighetene kan utforme invita- sjoner, beskjeder o.l. ut fra lokale opplegg.



VÅR MENIGHET

Konfirmasjonsdagane — 76

blir i Orkdal 2. mai, Orkanger og Geitastrand 9. mai, og Orkland 30. mai.

Mange ved julegudstjenestene

var det også i år. For ein stor del var det heilt fullsette kyrkjer. Vi tak- kar songkor og musikkorps for del- taking ved gudstjenester og for fine julekonsertar. Det er mange som er klar over at vi ikkje berre «lever av brød aleine».

Julefestane

rundt omkring samlar og veldig med folk, og gir inntrykk av den ekte og store glede. Vi tenkjer ikkje på dansetilstellingane, som noen også kallar for julefestar, men på bede- huset og grendahuset med glade jule- samlingar av bygdafolk i alle aldrar. Det er oppbyggjande og miljøskap- anda.

Punktaksjonar for fjellkirka

Utover vinteren og våren vil alle husstandar i Orkdal få utdelt ein konvolutt og ei brosjyre med høve til å gi ei gåve til Søvas skjølen fjell- kirke. Konvolutten vil bli henta på bestemt dag i veka etter utleveringa. Noen plassar vil aksjonen bli avslutta med møtesamlingar. Vi kjem til å gå grendevis fram.

Tømmerhogsten

til fjellkirka gjekk heilt framifrå først i desember, men blei stoppa av bløyte og uvær. Når vi skal ta resten, reknar vi med ny stor dugnadsopp- slutning. Ein del av tømmeret er alt kome fram til lunningsplass.

Eldres hyggetime

på Svorkmo misjonshus blir tysdag 20. jan. kl. 11,00.

Kl. 7c på Grøtte

hadde Kyrkjedag i Orkland 9. 12. Dei var først til omfaring og orien- tering i kyrkja, det heile tok til med morgonbøn. Seinare arrangerte klas- sen eldre hyggetime på misjons- huset. Dei sto både for servering og programinnslag. M.a. imponerte dei med eit 20. min. julespel. Ein fin skoledag og kyrkjedag.

Søkte eg lyset

Søkte eg lyset
og det fullkomne forgjeves?
Finst det ein veg
hisides klårberg og eld?

Kva veit den om lys
som aldri følgde
ei eldstøtte i øydemarka?

Kva veit han
om Jerikos murar
som aldri har gått
over Jordan?


Kva veit den
om Kanaans språk
som aldri har stava
på Himmelens sjibbolett?
(løysingsord)

Såg de kven eg søkte?
Hørde de kven eg ropte på?
Enno har han ikkje
rive sitt altar
den Gamle av dagar.

Ingebjørg Kasin Sandsdalen

Til 50 og 25 årskonfirmantane i Ork- land 1975.

Dersom det er nokon som vil ha bilete av jubilantane, så skriv eller ringe **Tore Høsten 7330 Svorkmo.**



Nidarosdomen sett frå søraust med planlagte hovudtårnet av Helge Thiis

Går vi Kristus imøte?

Nytt tårn, eller ikkje på Nidaros- domen? Det kan vere eit tenkbart utgangspunkt til spørsmålet: Korleis brukar vi livet som er gitt oss — går vi Kristus imøte? Eller: Tek vi opp korset vårt og følgjer etter Han? Det er same tingen.

Ein gong blei vi borne til, dåpen i kyrkja. Gud ga oss nådetilsagnet. Frå Guds side er det meint som ei fast pakt, han tek det ikkje frivillig tilbake. Det står altså på oss.

Det er så moderne å snakke om re- sursbruk og misbruk. **Vi vågar påstå at dåpen er verdas mest unytta re- surs.** Millionar menneske går med det veldige dåpstilsagnet, men brukar det lite og inkje. Det å gå Kristus imøte er i første omgang for dei fleste nord- menn å vende tilbake til dåpsbruk, ta til å bruke dåpsresursane. Sagt med andre ord: Det å bruka nåden, det å leve i nåden.

Vi trur rett og slett at det for mange er små praktiske ting som stengjer for at gudslivet ikkje trer i funksjon. Ein vil så gjerne, men har ikkje retteleg opplevd korleis det er. Det å bruke dåpen betyr å bruke

Kristkyrkja

Kristkyrkja står i Nidaros, der dryp det roser av stein. Kvar sula blømer som tre i hagen, det lavar frå duvande grein, bøn som slær ut i roser.

Kristkyrkja står i Nidaros, der liljar ein lovsong i stein. Kvar sula syng gjennom år og alder, og tonen er full og rein, lovsong or svævede ætter.

Kristkyrkja står i Nidaros, der skin det runer av stein. Kvar sula ber bod om farne tider: hit trådde dei, drott og svein, trådde dei Krist i møte.

Ragna Rytter

Guds ord. Altså gå Kristus imøte med å ta oss til å lese i Bibelen, folde sine hender i bøn, vere med i menighetsfor- samlinga og høyre ordet forkynt, syng med i salmane, knele ved natt- verdbordet. Vidare praktisere kristen teneste, sjå livet som eit oppdrag frå Gud. Ikkje arbeide til eiga fortjeneste, men for å leve rett og gjere rett mot Guds kall og medmenneska sin tarv. Til slutt oppdager ein at dei små tinga blei til store ting, ei heil for- andring, eit nytt livsmønster. Ein blir leda av den Heilage Andre.

Nytt tårn eller ikkje på Nidaros- domen? Det er eit større spørsmål om vi tek til å leve ut dåpslivet vårt. Da blir det nye tårn på så mangt, for Gud kan handle sterkt gjennom alle som vil gå Kristus imøte.

Dåpsresursene må ikkje ligge ubrukt lenger!

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes,
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,
Fannrem bokhandel, Einar
Bjørndal, Fridtjof Digerås,
Peder Tronvoll, Borghild Asp-
hjell, Dagny Korsli, Lars Bonvik.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:
Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos:
Harald Hukkelås.

Ansvar —Varde

Avholdsfolk bruker sine egne forsikringselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykel og traktor. Snakk med våre representanter: Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113. Sigmund Haugset t. 82362 eller distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo Handelssamlag

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00

Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)

Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)

Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer
stengt.

Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir
Skolemateriell

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

Gåver til bladet

ORKANGER:

Haldis Hagen 25. Gunvor Mostad 10. Inger og Arne Haugsand 20. E. Mosbakk 20. Marit og Egil Karlsen 20. Bergljot Asbjørnslett 20. Astrid Leknes 20. Johanna Røhmesmo 20. Ole og Severine Ustad 20. A. T. Johansen 20. M. og Jakob Næss 20. Olaf Lønnum 20. M. Mathisen 20. I. og S. Fånes 20. Inger og Sigmund Sandgrind 20. B. G. Linge 20. Lovise og Johan Næss 20. Anna Elnes 20. Anders Forvemo 20. Karen og John Rikstad 20. Johanna Wågbo 10. Harriet Jæger 10. Mary Øien 10. M. og J. Rømmesmo 10. Andr. Helbekk 10. Johanne Gangås 10. Edel og Arnold Mosbakk 10. Målfrid Bakken 10. Petra og Ingvar Togstad 10. Reidun Ulseth 20. M. E. Jensen 10. Klara Nærvik 10. Martin Wiggen 10. Rich. Bjørklund 20. Jenny Berg 20. Ragna Slupphaug 20. Pauline Bakk 10. Anna Gauptis 10. Oline og Konrad Sætre 10. Mille Bakken 10. Andr. Rekstad 20. Marie Solem Rønning 10. Olga Januschs 10. Sigrud Larsen 20. Johan Haugrønning 20. Gudrun og O. P. Blåsmo 20. Gine Sivertsen 20. Else og Lars Kurås 50. Margot og A. Kristiansen 20. Marie Husby 10. Jorunn og Andrew Olson 20. Ellen Johansen 20. Tora og John Solberg 10. Ruth og Olav Olsvik 20. Marit Solbu 10. Margit Fagerholt 10. Solveig Ranæs 30. Borghild og John Langvik 20. Karen og Arvid Lodgård 20. Tora Lie 10. Ingebr. Eklil 10. Gudrun og Martin Jensen 20. Albert Mjøen 20. Solfrid og Rolf Nyberg 20. A. Nygaard 20. Ingebjørg Olsen 10. I. og S. Thorgaard 20. Sigrud Syversen 20. Margrete Evjen 10. Arne Koksæter 20. Mette Elshaug 10. Ingrid Størset 10. Svein Svorkmo 20. Petter Antonsen 20. J. Stokke 10. Gudrun Knutsen 20. Jenny Larsen 20. Aase Helvik 10. Kjellrun og Thor Isdahl 10. Anne Skjetne 10. O. Lillebakken 10. Kirsti Halsen 50. Harald Klukstad 20. Kjellaug og Arvid Larsen 20. Elbjørg og Leif Lyngstad 20. Olga Espen 10. Janna Karlsen 10. Sølvi Sand 50. Oddlaug Heggdal 10. J. Ustad 10. Reidar Wormdal 20. Berit Hollum 10. Anne-Lise Krokan 15. Anne Rikstad 10. Anna Sæther 10. Nelly Brandli 10. Karen Bakken 10. Alise Evjen 10. Anne og Jan Ebbesen 10. N.N. 10. Berit Lykken 10. Albert Brekken 25. O. Lorentzen 20. Judit og Trygve Øien 20. Gudrun Sødahl 10. Margrete og Johs. Fossland 20. Julie Lien 20.

Takk for blomster og hilsener til jul.

Anne Gruthaug, Meldal.

Ellida Johansen 10. Ingeborg Rian 10. Inge Krokstad 10. Arvid Nervik 10. Grete og Sverre-Fredrik Evjen kr. 20.

ORKDAL:

Arna og Henrik Størseth kr. 20. Ola Aas 10. Jens Haugem 10. Karen og Oskar Blomli 10. Ingeborg Fagerholt 20. Marie og Harald Metliås 200. Brit Ansnes 15. Beret Blomli 10. Brynhild Nordtømme 10. Einar Garberg 20. Gunda Solem 20. P. Rædergård 20. Aslaug Brattbost 20. Beret og Gunnar Viggen 20. Marie og Erling Sundli 20. Mathilde Grut 20. Oline Ebbesen 20. Gustav Brekstad 20. Anna og Per Ødyn 20. A. og H. Røhme 20. John Fossum 20. John Meås 20. Mali Lervik 20. Turid og Lars Mo 20. Nanna og Ole Solem 20. Inga og Olav Kvaale 20. Marie og Jens Kvernød 20. Odd Eriksen 20. Margit og Harald By 20. Ola Samskott 20. Fredrik Togstad 20. Anne Asbjørnslett 20. Marie Wuttudal 20. Marit Eide 20. Asbjørn Troeyen 20. Marta og Jørgen Overvik 20. Nora og John Sundli 20. Erik Lefstad 20. Mary og Olav Metli 20. Arnt Vormdal 20. Marta Kråkdal 20. A. og H. Noremsaune 20. Henriette Sæther 20. Torger Sandvik 20. Ingebr. Andøl 20. Odd Metli 15. Maren og Lars Garberg 25. Hansine Tiseth 50. Einar Lynum 10. Lars Søvassli 10. Sverre Winter 10. Oddny og Johan Aas 10. Klara Sundli 10. Gurine Bakken 10. Ingeborg Bakk 10. Ole Storøyen 10. Helga Sognli 10. Serine Svee 10. Gunnar Asphaug 10. Emil Kjønlil 10. T. og K. Snøsen 10. Sivert Groven 10. Marie Digerås 10. Signe Blåsmo 10. K. og R. Grønland 10. O. G. 10. Guri L. By 10. Ole Tronvold 10. Kristine Gjetmundsen 10. L. Kirkaune 25. Laura og Bernt Sundli 20. Arn J. Fagerholt 20. B. og A. Ljøkeldsøy 20. K. K. 20. J. K. og S. G. 20. T. og T. Ustad 20. Arne Fossbakk 20. Anne Opøien 20. Anders Fossen 20. Kristofer Prestmo 20. Marit Vevik 20. O. Hallem 20. Ingrid og Lars Sandvik 20. Dorte Sørli 20. S. Jarstein 10. Gunvor og Nils Moen 10. Magnhild og Arne Ustad 10. Alida Meås 10. Einar Bjørndal 10. Ole Tungen 10. John Johnsen 10. Arnfinn Dørdal 10. Elise og Oddgeir Bang 25. Hjørleiv Eldevik 50. V. Sæterbakk 50.

Hjarteleg takk.

Kva med rusmidla?

Vi har på nytt lyst til å vurdere bruk og misbruk av rusmidler. Alkoholmisbruk har vore ei svøpe som har følgt menneska gjennom all historie. Problema og skadeverkningane av dette går litt i bølgedaler, men dei er der alltid. I vår tid er problem- og skadekurva på rask veg oppover. Truleg er alkoholmisbruk samfunnsfiende nr. 1.



Det er mange syn på korleis ein skal rå bot på dette. Noen vil åpne kranane og noen vil stenge kranane osv. Vi blir aldri samde om dette. Måtehald/totalfråhald, fritt sal/sterkt avgrensa sal, det er eit diskusjonstema som aldri vil bli utdebattet.

Vi har sjøl valt vår line, og tillet oss å presentere den. I teori deler vi ikkje eit totalfråhaldsstandpunkt. Det vil seie: Vi meiner ikkje at eit glas vin eller øl i seg sjøl er skadeleg eller behøver vere synd, og måtehaldsfolk er ikkje våre fiendar. Det er forresten heller ikkje slike som ligg under for alkoholmisbruk. Vi ønskjer ikkje å vere plasert i domarsetet.

Men derimot i praksis følgjer vi fullt ut eit totalfråhaldsstandpunkt. Øl, vin eller brennevin blir aldri brukt av oss. Og meininga er at dei aldri skal bli brukt. For det første er vi så aldeles blotta for behov av dette. Vi har andre saker både til å drikke og fylle tida med. For det andre er alkoholproblema så store at vi gjerne vil vere med på å avstå frå alt for å kunne vere eksempel og for ikkje å forlede andre. Denne livspraksis er vi så sikker på vil vere sikreste og beste vegen til å redusere alkoholtragedien at vi våger å tilrå den til alle.

Rett og slett: Følg vårt eksempel, avstå frå all alkoholbruk! Det er ikkje noe offer. Men det kan redde mange.

Om alkoholmisbruk

— Er det fra et kristent syn noen grunn til å være med på å akseptere og utbre en rusgift som i dag representerer vårt største sosiale problem? Nei, tvert om. Problemet kan egentlig bare løses ved at vi skaper miljø og samværsformer uten at alkohol er en «naturlig» del. Ditt eksempel kan være avgjørende for noen. Har du tatt konsekvensen av det?

Slik svarer stortingsmann Kjell Magne Bondevik på spørsmålet om hvorfor han er avholdsmann. Spørsmålet er stilt en rekke personer i anledning av 50-årsjubileet for Kristenfolkets Edruskapsråd. Etter halvt hundre års kamp mot et enormt sosialt problem, er utfordringen større enn noen sinne, ikke minst er ungdommens omgang med alkohol foruroligende.

Hvorfor avholdsmann? Vi gjengir utdrag fra noen flere svar på spørsmålet fra Kristenfolkets Edruskapsråd.

Generalsekretær Anfin Skaaheim: — Når jeg ser hvilken ødeleggende virkning alkohol har i mange ungdomsmiljøer i dag mener jeg det er uansvarlig for meg som kristen ungdomsleder å ikke være avholdsmann.

Tidligere lagtingspresident Bent Røyseland: Jeg er avholdsmann fordi personlig avhold fra rusgift er det sikreste vern for en sjøl og andre. . .

Generalsekretær Birger Breivik: Eg er avholdsmann fordi ansvaret eg har med tanke på å vere eit føre-

Kvinner i kyrkja

Kvinnene i kyrkja skjenkar kaffi og dukar bord, driv med strikking og hekling, medan mannfolka rår! vert det titt sagt. Dette er ikkje heilt i samsvar med sanninga, kan vi lesa i Arbok for Den norske kirke 1975. Ei undersøking har vist at kvinnene i stor mon er med i styre og stell i kyrkja.

I sokneråda kjem dette klårt til synes. Ca. 41% av medlemene i norske sokneråd er kvinner. I Sør-Hålogaland og Hamar bispedømer er kvinnene sterkast representerte, her har sokneråda jamnt over nær 50% kvinnelege medlemmer. I 1974 hadde 37 av sokneråda i Hamar bispedøme ei kvinne som formann.

I Kyrkjerådet er det tre kvinner og ti menn. Alle bispedømeråda, så nær som Nidaros, har eit eller to kvinnelege medlemmer, og to av bispedømeråda har kvinneleg formann.

I dei frivillige kristelege organisasjonane kjem kvinnene òg sterkare inn i sentrale styre-plassar. Det er naturleg, for ute i felten ber helst kvinnene tyngste børa i mange organisasjonar.

Ei jamføring med kommunestyra er interessant. Medan sokneråda fekk 41% kvinnelege medlemmer, vart det ved siste kommunevalet berre valt inn 11,8% kvinner i kommunestyra.

døme ikkje minst mellom unge, er forpliktande for meg. . .

Sokneprest, tidl. stortingsmann Olav Totland: — Jeg er avholdsmann først og fremst av hensyn til mine barn. De skal ikke ta med seg ut i livet bildet av far som i sitt forhold til alkohol drev ansvarsløs lek med ilden. . .

Framh. s. 8.

De slimeirriterende virkninger av passiv røyking medfører ikke bare ubehag, men må anses for direkte helseskadelige hos disponerte individer og kan føre til forverrelse av akutt luftveisinfeksjon og være en påkjenning for kronisk syke lunge- hjerte- pasienter. Dette alene er tilstrekkelig medisinsk begrunnelse for å unngå røyking i lokaler, hvor medmennesker eksponeres for røyken, — i det minste i offentlige forsamlings-, og det gjelder alle former for røyking — sigar-, pipe-, såvel som sigaretttrøyking.

Dr. Walter Lindberg, Hygienisk Institutt.



GUDSTENER

18/1 2 s. i Kr. Apenberring
Orkanger Rogstad. Offer Orkanger
menighetshus. Nattverd.
Orkland. Eidhamar. Offer til Kristent
kringkastingslag.

Torsdag 22/1:

Orkanger kl. 21: Eidhamar. Skole-
laget. Nattverd.

Fredag 23/1.:

Orkanger kl. 20.: Vesperegudstjeneste.
Orkland Mannskor. Eidhamar.
Kollekt til Søvasskjølen Fjellkirke.

25/1 3 s. i Kr. Apenberring

Orkdal. Eidhamar.
Geitastrand. Rogstad. Nattverd.

1/2 4 s. i Kr. Apenberring

Orkdal. Rogstad. Nattverd.
Orkland. Eidhamar. Nattverd.

8/2 5 s. i Kr. Apenberring

Orkanger. Eidhamar.
Grendstuggu By. Rogstad.

15/2 s. septuagesima

Orkdal. Rogstad.
Orkland. Eidhamar.



Framh. frå s. 7

Biskop Monrad Norderval: —
Jeg er en elsker av livet og alle
livets naturlige herligheter og
nytelser, vennskap, kjærlighet,
kunnskap, naturglede. Alkohol
ødelegger sansen for disse opplevel-
ser og skaper kunstige, fiktive
nytelser, tomme innbildninger, fal-
ske drømmer. Jeg velger de virke-
lige livsverdier. . .

Møter for misjsambandet. 27.-31.
jan. Møter for «Biblia» ved Brynjulf
Hoaas.

1.febr. Lommundal. Årsmøte i Fel-
leslaget. Arnold Ljøkjell. 3.-8.febr.
Haugenes forening. Dagny Drivstuen.
10.-13. febr. Gjølme. Dagny Driv-
stuen.

SØVASSKJØLEN

FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Søndagsskolen

på Fannrem ønsker barn og foreldre
et godt nytt år, og velkommen til nye
søndagsskoletimer i 1976!

De som har den store glede å få
være foreldre til små og større barn i
søndagsskolealderen, er vel alle enige
om å ville gi barna sine det beste de
er i stand til for å ruste dem ut for
livet. For ikke mange år siden fulgte
dere dem til kirken for første gang,
for å be om at de måtte bli døpt. Dere
hørte vel også prestens ord til fadderne
og foreldrene om at de skulle hjelpe
til så langt de kan, at barnet skal bli
oppdratt i den kristne forsakelse og
tro. Søndagsskolen vil gjerne hjelpe
fadderne og foreldrene i dette viktige
arbeidet.

Det blir søndagsskole **annenhver**
søndag i Megård bedehus **kl. 10.**
(merk tiden).

Oversikt over søndagsskolen fram
til påske.

Januar: søndag 18.
Februar: søndag 1. - 15. - 29.
Mars: søndag 14. - 28.
April: søndag 4.

B. K.

Åpna deg hjarte!

Åpna deg hjarte!
Åpna alle dører!
Helgedagsveggar til Guds hus oss
fører.

Her vil ved ord og altar han oss finna,
fast til seg binda.

Herre, vår Fader!
Dette er ditt tempel.
Gjev du kvar stein
og kvar ei sjel ditt stempel.
Malmen i tårn, vår munn
og himmelherar
saman deg ærar.

Murar og spir må høgt
mot himmelen kneisa,
einast din Ande liv av død
kan reisa, Jesus åleine
du kan Anden senda
og oss omvenda.

Fader, du kallar
og til barn oss kårar
Vinteren vik for himmelrikets
vårar. Krist i din vinstokk
du dei grøne teinar
med deg sameinar.

Takk, Herre!
Du har reist hos oss di trone,
lagt på vår tunge
dovsongs nye tone.
Snart skal den tonen
stiga utan like
løyst, i ditt rike.

Alfred Hauge.

Søndag kl. 11

Vi trur søndag formiddag i første
rekke er tenkt til samling i Guds hus.
Vi trur at vår kristne tru og kultur
si framtid har særleg samanheng med
folket si evne til å etterleve dette. Om
folk meir oppdaga velsigninga med å
gå til kyrkjens ville det bli vekking og
nytt åndeleg liv.

Frå den første kristentid har søn-
dagen vore heilagdag, det vil også
seie gudstenestedag. Grunngevinga
har vore at vi treng kvile for lekam
og sjel. Det oppnår ein ikkje berre
ved kroppstrim eller sofatilvære. Ein
må også løfte kropp og sjel mot det
høge. Det er ingen grunn for oss å
tru at dette i vår tid er blitt unød-
vendig. Det er vel heller sterke ting
som talar for at vi må attende til
kjeldene for å overleve.

Kyrkjegang og gudsteneste er det
store tilbod til fornying. Det er guds-
teneste som i første rekke gjer søn-
dagen til søndag.